



NOTAT

### **Steinløe på Nottveit - gnr 49 bnr 4 – Radøy kommune**

Mandag 21 januar var Kulturverntenesta i Nordhordland på synfaring til gnr 49 bnr 4 Nottveit i Radøy kommune. Bakgrunnen for synfaringa var at eigaren, Arid Nøttvedt, ville ha ei vurdering av tilstand og kulturminneverdi til den gamle løa.

Løa vart, i følge «Norske gardsbruk» reist i 1870. Primærkonstruksjonen er i stav/grind, det er saltak/ sperretak tekt med bølgeblekk. I langveggen mot sør og i gavlen mot aust er det tørrmur. Sauefjøset mot aust er og i tørrmur. Det er tørrmurt flor og motting under løa. Mot vest i gavlen er det nytta ståande furukledning og bølgeblekk. Elles er det liggande kledning.

I taket er det lekkasje fleire stader. Det meste er små lekkasjar, men i sørsida er der ei større lekkasje som gjev råteskade på sperr, stavlægje og stav. Heile bølgeblekktaket er svært rusta og det hastar med å skifte det om løa skal bergast.

Det var tidlegare fleire slike steinløer i Nordhordland, men i dag er det berre eit fåtal att. Tørrmuringsteknikken og steinbygningane er eit særtrekk for Nordhordland som vi må ta vare på. Løa og den gamle lemstova i tunet, som og har vernemur i tørrmur, representerer eit typisk tun frå 1800-talet slik dei vart etter jorskiftereforma/utskiftinga. Med bakgrunn i ovanforståande har steinløa på Nottveit høg kulturminneverdi

Arild Sætre  
Sivilarkitekt  
Kulturverntenesta i Nordhordland  
Museumssenteret i Hordaland